



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 06.01.2014
Møtetid: 15:00 - 18:35
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegar Hope (H)	Eva Hellevang (H)

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Tone Ramsli
Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge
Stabssjef Jan Erik Boge

Møteleiar:	Marit Aase (Krf)
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Merknader:

Birthe Skar-Moum møtte kl. 15:30. Ho deltok derfor ikkje under handsaminga av sak 001/14.

Det vart bestemt at formannskapsmøtet som var sett opp 22.01.2014 vert flytta til 05.02.2014. Kommunestyremøtet som var sett opp 05.02.2014 går ut.

Orienteringar/meldingar:	<p><u>Brannsamarbeidsavtale med Bergen kommune</u> Ordføraren Marit Aase (Krf) orienterte om at det vert formell signering av avtalen med Bergen kommune/brannvesen tysdag 07.01.2014 kl 09.00. Pressa er informert om dette. BT hadde ikkje tid til å vera til stades, men har laga ein kort artikkel som sto i avisa 6.1.2014.</p> <p><u>Samhandlingsreform</u> Ordføraren Marit Aase (Krf) orienterte om at det vert ei markering knytt til det interkommunale samarbeidet om Kols og diabetes for kommunane Fusa, Os og Samnanger. Markeringa er på Os 7.1.2014.</p>
Utvalet sitt kvarter:	<p><u>Minimumstal born for å halda ope i barnehagane</u> Eva Hellevang (H) orienterte om at det berre møtte to</p>

born i barnehagen 30.12.2013. Ho stilte spørsmål ved om det bør vera eit minimum tal på born for at barnehagen skal halda ope. Hilde-Lill Våge orienterte om at det etter § 6.2 i kommunen sine barnehagevedtekter skal vera minimum 10 påmelde born for at barnehagen skal haldast open i hovudferieperioden om sommaren. Det er ikkje tilsvarande reglar for andre dagar/periodar enn hovudferieperioden.

Renovasjonselskap

Eva Hellevang orienterte om at det ikkje har vore klart for barnehagen kva selskap som har renovasjonsavtale med kommunen. Tone Ramsli orienterte kort om dette.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 10.01.2014

Underskrift ordførar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/14	13/852	Faste saker	
002/14	13/849	Oppfølging av rapport om barnevernet i Samnanger kommune	

SAKNR. 001/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

06.01.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Birthe Skar-Moum (Ap) deltok ikkje under handsaminga av sak 001/14.

Det var ikkje lagt fram nokon delegerte vedtak til møtet. Det var ingen merknader til protokollen frå førre møte i formannskapet eller til møteinnkallinga/saklista.

Samrøystes vedtak.

FORM-001/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/14

OPPFØLGING AV RAPPORT OM BARNEVERNET I SAMNANGER KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

06.01.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Etter framlegg frå **Marit Aase (Krf)** vart det innleiingsvis røysta over om handsaminga skulle gå for opne eller lukka dører. Det vart samrøystes vedteke at handsaminga skulle gå for opne dører. **Birthe Skar-Moum (Ap)** tok plass i formannskapet etter at denne røystinga var gjennomført, og ho tok del under resten av handsaminga av saka.

Formannskapet gjekk gjennom dei 12 punkta i kapittel 10 i rapporten (*Sammenfattende beskrivelse av funn og hovedkonklusjoner*).

I samband med gjennomgangen av punkt 12 orienterte Tone Ramsli om status i arbeidet med interkommunalt barnevern. Ho orienterte også om at det må gjennomførast ein prosess før det vert bestemt kvar i organisasjonen NAV (kommunal del) og tenestene på helsetunet skal leggjast når det vert etablert interkommunalt barnevern.

I slutten av debatten kom formannskapet inn på tenestlege forhold for ein tilsett. Marit Aase sette fram framlegg om å lukka møtet under denne delen av debatten. Det vart samrøystes vedteke å lukka møtet under denne delen av debatten. Vedtaket er heimla i Kommuneleien § 31.3.

Det vart bestemt å flytta formannskapsmøtet som er sett opp 22.01.2014 til 05.02.2014. Kommunestyremøtet som er sett opp 05.02.2014 går ut.

Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Rådmannen førebur sak for formannskapet/kommunestyret der følgjande tema skal sjåast på med tanke på å avslutta sak knytt til gransking og granskingsrapporten av barnevernet:

- *Internkontrollsystem med tilhøyrande skildring av rutinar.*
- *Samhandling og samarbeid med brukarar og i og mellom ulike omtala faginstansar og einingar.*

Som del av saksførebuinga skal interkommunalt barnevernsamarbeid avklarast og ny organisasjonsplan for tenestene som i dag ligg til sosial – og helseeininga presenterast. Arbeidet med ny organisasjonsplan er føresett gjennomført innan utgangen av januar. Som del av dette skal det søkjast avklara kva arbeidsforhold personalet i barnevernet vårt i framtida skal ha til Samnanger kommune.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-002/14 VEDTAK:

Rådmannen førebur sak for formannskapet/kommunestyret der følgjande tema skal sjåast på med tanke på å avslutta sak knytt til gransking og granskingsrapporten av barnevernet:

- Internkontrollsystem med tilhøyrande skildring av rutinar.
- Samhandling og samarbeid med brukarar og i og mellom ulike omtala faginstansar og einingar.

Som del av saksførebuinga skal interkommunalt barnevernsamarbeid avklarast og ny organisasjonsplan for tenestene som i dag ligg til sosial – og helseeininga presenterast. Arbeidet med ny organisasjonsplan er føresett gjennomført innan utgangen av januar. Som del av dette skal det søkjast avklara kva arbeidsforhold personalet i barnevernet vårt i framtida skal ha til Samnanger kommune.

